



**AUSTRHEIM KOMMUNE**

Rådmannen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
28.09.2016	14/1242 - 11	

**Melding om vedtak - Sambandet Vest AS- Innbetaling av ny aksjekapital for årene 2016 og 2017**

Sjå vedlagt saksdokument.

Vennleg helsing  
Emma Hjelmtveit  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift*

Andre mottakere:

Askøy kommune, BKK, Lindås kommune, Meland kommune, Nordhordland utviklingselskap, Radøy kommune, Sambandet Vest, Wimoh Invest

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
093/16	Kommunestyret	PS	15.09.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 223	14/1242

### **Sambandet Vest AS- Innbetaling av ny aksjekapital for årene 2016 og 2017**

#### **Vedlegg**

Sambandet Vest AS - protokoll

Sambandet Vest AS - Vidare drift av selskapet

#### **Framlegg til vedtak:**

Austrheim kommune innbetaler ny aksjekapital for årene 2016 – 2017 til Sambandet Vest AS med

kr. 137.500,-.

Kostnaden kr. 137.500,- vert dekkja frå post 149038021903- Tilleggsløyving etter kommunestyret si avgjersle.

#### **Kommunestyret - 093/16 - 15.09.2016**

#### **KS - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Austrheim kommune innbetaler ny aksjekapital for årene 2016 – 2017 til Sambandet Vest AS med kr. 137.500,-.

Kostnaden kr. 137.500,- vert dekkja frå post 149038021903- Tilleggsløyving etter kommunestyret si avgjersle.

### **Saksopplysninger:**

#### **Bakgrunn**

Austrheim kommunestyre har i møte den 02.09.15, K-sak 075/15 gjort fylgjande vedtak:

1. Austrheim kommune bidrar med kr. 63.281,- per år i driftstilskot til sambandet Vest AS for åra 2015 – 2017. Totalt kr. 189.444,- for dei tre åra.
2. Kostnaden kr.63.281,- for 2015 vert dekket ved tilleggsføring frå post 15702 802 1903. Kostnaden for 2016 og 2017 vert innarbeidd i budsjetta for desse åra.
3. Det er ein føresetnad at dette arbeidet ikkje er til hinder for prosjekta knytt til Nordhordlandspakken.
4. Austrheim oppfordrar styret til å ta opp arbeid med å planlegga for ei oppgradering av Fv 565 frå Leirvågkrysset til Soltveit.

Sambandet Vest AS ber no om utbetaling av av tilskota for 2016 og 2017 til forhøyelse av selskapets aksjekapital ved konvertering av fordring.

### **Saksopplysninger:**

I generalforsamlinga i Sambandet Vest AS den 21.06.16 vart det i sak vedrørande forhøyelse av selskapets aksjekapital ved konvertering av fordring gjort fylgjande vedtak:

**Vedtak:** De tilstedeværende representantene for aksjonærene i generalforsamlingen kan ikke binde den enkelte aksjonær å innbetale forhøyelse av selskapets aksjekapital før dette er besluttet i aksjonærenes styrede organer. For enkelte aksjonærer vil dette ikke kunne besluttes før ultimo september 2016. Da generalforsamlingens vedtak om forhøyelse av selskapets aksjekapital må være gjennomført innen 3 måneder må det gjennomføres ekstraordinær generalforsamling i Sambandet Vest AS, ultimo juni 2016. Selskapets aksjonærer gir ordfører i Askøy Terje Mathiassen fullmakt til å gjennomføre ekstraordinær generalforsamling.

Ekstraordinær generalforsamlinga i Sambandet Vest AS gjorde i møte den 30.06.16 følgende vedtak:

Generalforsamlingen vedtok i samsvar med styrets forslag følgende kapitalforhøyelse:

- a) Aksjekapitalen økes fra NOK 1 600 000 med NOK 1 500 000 til NOK 3 100 000 ved økning av pålydende på samtlige av selskapets 160 aksjer fra NOK 10 000 pr. aksje til NOK 19 375 pr. aksje. Samlet tegningsbeløp er NOK 1 500 000.
- b) Økningen av pålydende på aksjene tegnes av dagens aksjonærer.
- c) Aksjene tegnes i generalforsamlingsprotokollen.
- d) NOK 812 500 av aksjeinnskuddet skal gjøres opp umiddelbart etter tegning ved motregning av fordringer på til sammen NOK 812 500 som Askøy kommune, BKK AS, Austrheim kommune, Radøy kommune og Lindås kommune har mot selskapet.  
NOK 687 500 av aksjeinnskuddet skal gjøres opp innen tre måneder etter generalforsamlingens beslutning til selskapets bankkonto. Selskapet kan disponere innskuddet før kapitalforhøyelsen er registrert i Foretaksregisteret. For nærmere beskrivelse av innskuddet vises det til styrets redegjørelse.
- e) Økningen av pålydende på aksjene gir rett til utbytte og rettigheter for øvrig fra og med kapitalforhøyelsens registrering i Foretaksregisteret.
- f) Utgiftene til kapitalforhøyelsen er anslått til ca. NOK 15 000. Utgiftene dekkes av selskapet.

I skriv av 18.09.15 frå Sambandet vest AS vert det bedt om innbetaling av kr. 68.750,- slik Austrheim kommunestyre gjorde vedtak om i møte den 02.09.15. I dette skrivet er det påført ny sum med kr. 137.500,- som skal innbetalast innan 23.09.16. Dette er etter vedtak i generalforsamlinga i Sambandet Vest i møte den 30.06.16, sjå vedlagt skriv. Meland og Lindås kommuner har fått tilsvarande skriv der Lindås skal betale same summen som Austrheim kommune og Meland kommune skal betale inn kr. 225.000,-.

**Vurdering**

Eg finn det rimeleg at Austrheim kommune betaler inn kr. 137.500,- til Sambandet Vest i samsvar med vedtaket i generalforsamlinga den 30.06.16.

**Konklusjon**

Eg rår til følgjande:

Austrheim kommune innbetaler ny aksjekapital for årene 2016 – 2017 til Sambandet Vest AS med kr. 137.500,-.

Kostnaden kr. 137.500,- vert dekkja frå post 149038021903- Tilleggsløyving etter kommunestyret si avgjersle.